



vestafor måne

Guri Aasen
Forteljar

Tlf: (+47) 936 06 715
guri-aas@online.no
www.vestaformaane.no
Org.nr: 982 358 973

Kvalsundskipet – eit arkeologisk og mytologisk mysterium Manus og forteljing: Guri Aasen

Kvalsundøyra heiter staden på Nerlandsøya der det berømte Kvalsundskipet og «eptirbouten» vart gravd fram i 1920. To fartøy; eit 18 m langt og 3 m breidt skip innretta for 10 par årar og ein 9,50 m lang og 1,50 m breid båt med to par årar.



Foto: Bergen museum - Utgravingsfeltet

Båtane var praktfulle byggverk og eineståande for si tidsepoke, som er datert attende til år 700, altså før vikingtida. Det merkelege er at båtane var sundbrotne med rå handemakt utan bruk av verktøy, eit arbeid som må ha kosta eit veldig strev med slike svære stykkje som spantane. Båtane låg liksom tilfeldig omrota i myra, men i sør – nord retning.

Saman med bitane frå båtane var det stukke loddrett ned ein del tilspissa stokkar av unge lauvtre med borken på. Nokre av årane var også slik stukke ned gjennom sjølve torvlaget, antageleg meint som erstatning for nedlegging av våpen og utstyr. Det vart nemlig ikkje funne våpen, derimot deler av ei treskål, litt av ei pil og ein ropert!

Arkeologane var ikkje i tvil: For fyrste gong i Noreg hadde ein å gjere med eit av desse eigendommelege myrfunna som var kjende frå danske myrar og som minner om kamp og siger under stormfulle hendingar.

Slik har nedlegginga av skipa vél kunne vore ei heilag handling, ei ofring av

krigsgåver etterlatne av slagne fiendar.

Historikarar meiner at Nerlandsøy då vi her til lands snakka gammalnorsk kunne ha vorte kalla *Njardarey*, altså *Njords øy*, og kanskje var guden Njord fulltruen til menneska som budde her? Kanskje var nedgravinga ei offergåve til han, med bøn om godt år og fred?

Frå eldre tider, lenge før utgravinga, har det i Herøy gått gjetord om skip som skulle vere nedgravne i Kvalsund og om ein småkonge som hadde garden og hovet sitt her.

Slik byrjar segna, nedteikna av Guri Aasen etter lokalhistorikar Bjarne Rabben:

«Det hende på den tida, for meir enn 1300 år sidan, at ein småkonge rådde over Njardarey. Han var, som skikken sa, ikkje berre bureisar, men også sjøfarar og krigarhovding. For vél måtte ein vakte seg for stridslystne småkongar som stundom kom inn leia for å herje. Så var det ei sommarnatt at ein tjuesesse runda Stad og gleid stilt inn leia. Det var ein berykta Sognekonge som var ute på tokt med hærskipet sitt. Eptirbouten (ettergangaren) var tom, så han hadde nok tenkt seg stor vinning av røvertoktet.....»

Vil ein vite kva som i fylgje segna vidare hende og korleis det slik gjekk til at Kvalsundskipet vart offergåve i jorda ute på Nerlandsøy, kan Guri Aasen halde forteljestund fylt av førhistorisk magi og mytologi, gjerne på sjølve staden – Horgen på Kvalsundøyra, eller ombord i skipet. Replikaer av Kvalsundskipet og båten er i båthallen i Borgundgavlen.



Foto: Sunnmøre museum

Ta kontakt for pristilbod